



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Formannskap

Møtested:	Formannskapssalen, 3. etg. Rådhus
Møtedato:	12.12.2013
Tidspunkt:	13:00 - 13:40

Til behandling: **Saksliste nr. 110/13 - 114/13**

Medlemmer:

H - Morten Andreas Hagen (Ordfører)
AP - Kristin Maurstad (Varaordfører)
BR - Einar O. Midtbø (Medlem)
FRP - Hogne Bleie (Medlem)
SP - Asgeir Solheim (Medlem)
V - Marit Sætren (Medlem)
KRF - Dag Almenning (Medlem)
V - Edvard Johan Iversen (Medlem)
H - Rolf Steinar Domstein (Medlem)

Av 9 medlemmer møtte: 9. Totalt frammøtte: 9.

Fra administrasjonen møtte: konst. rådmann Tone Holvik og konst. kommunalsjef Jeanette Jensen.

Måløy, 12.12.2013

Morten A. Hagen
ordfører

Irene Sivertsen
konsulent

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
110/13	Godkjenning av møteprotokoll	
111/13	Referatsaker/orienteringssaker	
112/13	Møteplan 2014	
113/13	Innspill til navneendring destinasjonsselskapet Reisemål Stryn & Nordfjord	
114/13	Val av pensjonsordning for folkevalde frå januar 2014	



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	12.12.2013	110/13

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 13/1696	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	--------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

12.12.2013 Formannskapet

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

F-110/13

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Møteprotokoll fra møte 28.11.2013 er utsendt tidligere.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskapet	12.12.2013	111/13

Endelig vedtak i: Formannskapet	Arkivsaknr.: 13/1695	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	--------------------------------	--

Referatsaker/orienteringssaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

12.12.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Konst. rådmann Tone Holvik orienterte om de tre referatsakene gjeldende Planoppstart – kort ferjekryssing ytre Nordfjord, inkludert tilførselsvei.

Ordfører Morten A. Hagen orienterte om referatsak Rullering av Nordfjord Havns handlingsprogram/strategiplan for årene 2014-2018.

Nordfjord Havn har bedt om innspill til rullering med tidsfrist 16.12.2013. Formannskapet ba administrasjonen melde tilbake at Vågsøy kommune ønsker å gå for den innstillingen som allerede ligger til grunn.

Saken vil bli satt opp på saklisten etter at Nordfjord Havn har avholdt sitt møte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-111/13

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID		Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/16661	I	01.12.2013	Norconsult AS	Planoppstart - kort ferjekryssing ytre Nordfjord, inkludert tilførselsveg, telefonmøte 13.11.2013
2	13/16662	I	29.11.2013	Norconsult AS	Planoppstart - kort ferjekryssing ytre Nordfjord,

3 13/16746 U 03.12.2013 Norconsult AS

inkludert tilførselsveg,
endringsmelding
Planoppstart - kort
ferjekryssing ytre Nordfjord,
inkludert tilførselsveg, svar
på varsel om
endringsmelding



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	12.12.2013	112/13
Kommunestyre	12.12.2013	103/13

Endelig vedtak i: Kommunestyre	Arkivsaknr.: 13/1686	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
--	--------------------------------	---

Møteplan 2014

Rådmannens innstilling

1. Det settes opp slik møteplan for 2014:

HO	OK	PU	F	K
27. januar	28. januar	30. januar	30. januar	13. februar
24. mars	25. mars	27. mars	27. mars	10. april
5. mai	6. mai	8. mai	8. mai	22. mai
2. juni	3. juni	5. juni	5. juni	19. juni
8. september	9. september	11. september	11. september	25. september
13. oktober	14. oktober	16. oktober	16. oktober	30. oktober
		13. november	13. november	
24. november	25. november	27. november	27. november	
				11. desember

Politikerdag: 1 dag i april måned.

Møter i **ADMU, AMU, ER og RF** settes opp av administrasjonen og oversikt sendes utvalgene før utgangen av 2013.

2. Hovedutvalgsledere og ordfører får fullmakt til å gjøre endringer i møteplanen hver for sine utvalg dersom møtedatoer må endres eller det må legges inn ekstra møter.

12.12.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Konst. rådmann Tone Holvik orienterte om oppsatt møteplan.

Diskusjon i Formannskapet om man burde sette opp møter i Planutvalget og Formannskapet i mars. Det ble enighet om å gå for møteplanen, men at det er åpning for møter i Planutvalget og Formannskapet ved behov.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-112/13

Vedtak:

1. Det settes opp slik møteplan for 2014:

HO	OK	PU	F	K
27. januar	28. januar	30. januar	30. januar	13. februar
24. mars	25. mars	27. mars	27. mars	10. april
5. mai	6. mai	8. mai	8. mai	22. mai
2. juni	3. juni	5. juni	5. juni	19. juni
8. september	9. september	11. september	11. september	25. september
13. oktober	14. oktober	16. oktober	16. oktober	30. oktober
		13. november	13. november	
24. november	25. november	27. november	27. november	
				11. desember

Politikerdag: 1 dag i april måned.

Møter i **ADMU, AMU, ER og RF** settes opp av administrasjonen og oversikt sendes utvalgene før utgangen av 2013.

2. Hovedutvalgsledere og ordfører får fullmakt til å gjøre endringer i møteplanen hver for sine utvalg dersom møtedatoer må endres eller det må legges inn ekstra møter.

Saksopplysninger / fakta

Rådmannsteamet har satt opp utkast til møteplan for hele året 2014. Dette ut fra at en skal ha bedre oversikt over møtedager og behandlingsgangen for større saker som skal til behandling

utover i året. Det er satt møter med samme ukedager som tidligere fastsatt – mandager for helse- og omsorgsutvalget, tirsdager for oppvekst- og kulturutvalget og torsdager for formannskap og kommunestyre.

Det er videre tatt hensyn til fylkeskommunens møteplan slik at en får minst mulig kollisjoner der, og det er tatt hensyn til vinterferie og høstferie for skolene.

Utvalg for plansaker har møter samme dag som formannskapet. Møtetiden for møtene i formannskapet reguleres ut fra saksmengden som skal til behandling i planutvalget og bestemmes først når sakslisten settes opp. Vanligvis er planutvalget først og da fra kl. 14.00 og formannskapet vanligvis en time senere fra kl. 15.00

Når det gjelder hovedutvalgene er det lagt inn møter for OK-utvalget og HO-utvalget i forkant av formannskapet der en i dag vet de får saker til behandling. Det kan likevel settes opp ekstra møter i hovedutvalgene om påkommende saker gjør det nødvendig.

Det tas forbehold om endringer av møteplanen ved at ekstra møter legges inn eller møter må flyttes. Det kan for eksempel være nødvendig med ekstra møter i formannskapet i forkant av et møte i kommunestyret. Det kan påkomme saker som gjør endringer i møteplanen nødvendig og som en ikke har oversikt over når møteplanen settes opp.

Møteplanen fremlegges for formannskapet og kommunestyret 12.12.2013.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	12.12.2013	113/13
Kommunestyre	12.12.2013	104/13

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 08/1337	Saksansvarlig: Linda Alice Myhre Larsen
------------------------------------	-------------------------	--

Innspill til navneendring destinasjonsselskapet Reisemål Stryn & Nordfjord

Rådmannens innstilling

Kommunestyret i Vågsøy tilrår styret for Reisemål Stryn & Nordfjord å endre namnet på selskapet «Reisemål Stryn og Nordfjord» til «Destinasjon Nordfjord».

12.12.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Det fremkom ingen merknader som foranlediget til endringsforslag.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-113/13

Vedtak:

Kommunestyret i Vågsøy tilrår styret for Reisemål Stryn & Nordfjord å endre namnet på selskapet «Reisemål Stryn og Nordfjord» til «Destinasjon Nordfjord».

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Vågsøy kommune har inngått 3-årig avtale om deltaking i Reisemål Stryn og Nordfjord – gjeldende i perioden 2012-2014.

Bakgrunn for saken

Generalforsamlinga til Reisemål Stryn og Nordfjord har vedteke å ta opp sak om endring av namn på destinasjonsselskapet.

Saksopplysninger / fakta

Generalforsamlinga til Reisemål Stryn og Nordfjord fatta i møte den 24. april 2013 følgjande vedtak:

«Generalforsamlinga ber om at styret set namnesaka på dagsorden og jobbar aktivt med kartlegging, forankring og involvering blant alle medlemsbedriftene og kommunane med det føremål å legge fram ei ny sak på neste generalforsamling».

Styret i Reisemål Stryn og Nordfjord sende den 5. september 2013 saka til sine medlemsbedrifter og kommunane til uttale.

Reisemål Stryn og Nordfjord blei etablert i 1997 etter ein fusjon av Stryn Reiseliv og Reisemål Nordfjord. Kommunane Stryn, Hornindal, Eid, Gloppen, Selje og Vågsøy har vore med i ordninga. Avtalen som blei inngått med kommunane gjeld for 3 år om gongen. Siste avtale vart vedteken i 2011 og gjeld for åra 2012-2014.

Namnet på selskapet har vore oppe til debatt fleire gongar i etterkant av etableringa, og synspunkt frå mange har vore at namnet burde vere Reisemål Nordfjord. Grunngevinga for namnet i si tid var at Stryn var eit kjent namn i reiselivssamanheng, og også det at Stryn er den største reiselivskommunen i Nordfjord.

Styret i Reismål Stryn og Nordfjord viser i si oversending av saka til kommunane at ei namneendring vil kunne føre til meir ro internt i regionen, og større oppslutning om destinasjonsselskapet i dei andre Nordfjord-kommunane. Samtidig kan ein risikere å skape misnøye blant medlemmane i Stryn sidan 60 % av medlemsinntektene og 45 % av det kommunale tilskotet kjem frå Stryn. Dei viser derfor til at det er særskilt viktig å få ei god forankring av namneprosessen i Stryn.

Reisemål Stryn og Nordfjord viser elles til at ei namneendring kan vere ein ny sjanse å bygge opp merkevara Nordfjord som eit felles identitetsskapande prosjekt for heile regionen. Det vil kunne styrke samarbeidet internt og gje dei ein ny profil som er samlande og som skaper entusiasme i næringa. Samtidig viser dei til at ein må vere klar over at Stryn pr. i dag er ei sterkare merkevare enn Nordfjord. Stryn er eit kjent namn som mange assosierer noko med. Eksempel: Sommarski er for mange synonymt med Stryn, og effekten blir også forsterka ved at bedrifter som Moods of Norway brukar Stryn aktivt i si marknadsføring.

Dei syner også til eit anna element i ei eventuell namneendring. Bør ein gå bort frå bruken av reisemål, og bruke «destinasjon» eller «visit» slik dei fleste slik destinasjonsselskap no brukar.

Vurdering / konsekvenser

Namneendringa har ikkje økonomiske konsekvensar. Avtalen tilseier at Vågsøy kommune betaler om lag kr. 170.000,- kvart år til formålet.

Rådmannen er positiv til at namneendring no blir sett på dagsorden frå destinasjonsselskapet sjølv.

Vågsøy kommune har synt og syner at det er positivt med eit felles selskap for Nordfjord som har i oppgåve å marknadsføre dei reislivsprodukta vi har. Vi har også ønska større fokus på produktutvikling, og eit selskap som også kan bidra med å bygge opp lokale kontaktutval for reiselivet i den enkelte kommune. Destinasjonsselskapet kan også samarbeide med t.d. Nordfjord Vekst i større utviklingsprosjekt i desse samarbeidskommunane. Dette er også nedfelt i Nordfjord Vekst sin forretningsplan.

Når det gjeld spørsmålet om det skal heite «reisemål» eller «destinasjon» Nordfjord, så ser vi at namnet destinasjon blir nytta av andre kjende turiststader, og vi ser at t.d. Fjord Norge i si marknadsføring viser til Destinasjonar i Fjord Norge.

Vedlegg:

Dok.nr
128264
128262

Tittel på vedlegg

Manglande innspel på evt. endring av namn på destinasjonsselskapet Reisemål Stryn- og Nordfjord
Eventuell endring av namnet på destinasjonsselskapet Reisemål Stryn og Nordfjord



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	12.12.2013	114/13
Kommunestyre	12.12.2013	105/13

Endelig vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/1707	Saksansvarlig: Norvall Bakke
---	--------------------------------	--

Val av pensjonsordning for folkevalde frå januar 2014

Rådmannens innstilling

Dei folkevalde vert innlemma i kommunens ordinære tenestepensjonsordning for tilsette frå 1. januar 2014.

12.12.2013 Formannskap

Møtebehandling:

Konst. rådmann Tone Holvik orienterte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

F-114/13

Vedtak:

Dei folkevalde vert innlemma i kommunens ordinære tenestepensjonsordning for tilsette frå 1. januar 2014.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Forskrift 2012 nr 1121 om endring i forskrift om pensjonsordning for folkevalde i kommunar og fylkeskommunar.

Bakgrunn for saka

Nye pensjonsreglar for lokale folkevalde trer i kraft frå 01.januar 2014. Ein viser her til Forskrift 2012 nr. 1121 om endring i forskrift om pensjonsordninga for folkevalde i kommunar og fylkeskommunar. Dei nye reglane gir kommunar og fylkeskommunar høve til å ha ei pensjonsordning som i stor grad er lik den pensjonsordninga stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer har.

Kommunen må velje mellom å tilby dei folkevalde opptak i den nye tenestepensjonsordninga for folkevalde eller innlemme dei folkevalde i den ordinære pensjonsordninga for andre tilsette.

Saksopplysningar / fakta

Informasjon om den nye ordninga

Den nye ordninga for folkevalde byggjer på dei same prinsippa som ny alderspensjon i folketrygda, og svarar i all hovudsak til den nye pensjonsordninga for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemar som vart gjeldande frå 1. januar 2012. Det vil seie at alle år i arbeid skal gje pensjonsopptening og med det auka pensjonsytning. Vidare vil tidspunktet for uttak av pensjon påverka den årlege pensjonsutbetalinga.

Den nye alderspensjonen vert utforma slik at det kvart år blir opptent ein prosent av eit oppteningsgrunnlag (pensjonsgrunnlaget) som vert plassert i ei pensjonsbeholdning. Det er fastsett satsar for opptening i ny ordning. Pensjonsbeholdninga vert bygd opp ved summen av alle pensjonsoppteningar i ordninga. Oppteningssatsen er satt med eit siktemål om å nå eit nivå på ytinga tilnærma lik 66 % av pensjonsgrunnlaget inkludert antatt folketrygd etter 30 år.

Alderspensjon skal kunne takast ut fleksibelt frå 62-75 år etter same prinsipp som i folketrygda. Det vil seie at pensjonen vert høgare jo seinare den vert teken ut. Ved uttak vert pensjonsbeholdninga delt på eit delingstal som skal representere forventa tal år som pensjonist. Frå og med 1963 kullet vil folketrygda sitt delingstal bli brukt. For årskulla 1943 – 1962 vert det brukt særskilte delingstal fastsett av Statens pensjonskasse.

Den nye pensjonsordninga er ei nettoordning, noko som inneber at ein kan ta ut full alderspensjon og jobbe ved sia av. Når ein har pensjonsopptening samtidig med utbetaling av alderspensjon, skal det skje ein omrekning av pensjon årleg. Pensjonsbeholdninga og pensjon under utbetaling skal regulerast etter dei same prinsipp som i folketrygda. Opptente rettar før utbetaling vert regulert i samsvar med lønnsveksten. Alderspensjon under utbetaling vert regulert i samsvar med lønnsveksten, fråtrekt 0,75 %.

Ny pensjonsordning skal omfatte alle folkevalde med verv av ein viss storleik. Minstekravet er fastsett i regelverket for ordninga.

Uføre- og etterlattepensjon får ingen endring som følgje av ny endringsforskrift og gir same yting og dekning som før.

Opptening i gamal ordning

Alderspensjon for oppteningstid før 1. januar 2014 følgjer det gamle regelverket og opptente rettar får ein behalde. Frå 1. januar 2014 vert høve til ny/ framleis opptening etter den gamle ordninga for folkevalde stengt. Minstekravet til oppsett pensjon vert 1,6 år for ordningar med 16 år som full opptening.

Dersom ein person har opptent både i noverande og ny ordning, vil samla pensjon bli rekna til å tilsvare den pensjon som ville kome til utbetaling dersom all opptening var etter gamal modell.

Bruttoordninga vs. nettoordninga

Hovudtrekka i dei nye pensjonsreglane er at pensjon skal gjevast som eit direkte supplement til alderspensjon i folketrygda (nettoordninga), og alle år i arbeid skal telle med. Det vert og gjeve høve til å kombinere arbeid og pensjon.

Dette er skilnaden frå noverande bruttoordning der pensjonen skal samordnast med folketryda og ein får full opptening etter 16 år. Dagens bruttoordning kan heller ikkje kombinerast med fortsatt arbeid.

Forskjellen mellom noverande ordning og ny ordning for folkevalde

Tabellen nedanfor gjev ei oversikt over hovudskilnadene mellom noverande ordning for folkevalde og ny ordning.

	Dagens pensjonsordning	Ny pensjonsordning
Pensjonsutbetaling	Kjent for de ansatte 66 %	Ukjent for den ansatte: Pensjonsbeholdning /delingstall
Uttak av Alderspensjon	65 år	Mellom 62 – 75 år
Full opptjening	16 år	Alle år teller
Fremtidig kostnad	Ukjent for arbeidsgiver	Kjent for arbeidsgiver
Retten til pensjon	Oppsatt rett etter 1,6 år	1 års samlet medlemskap

Skilnaden mellom ny ordning for folkevalde og ordinær tenestepensjonsordning (TPO)

I tabellen nedanfor følgjer ei oversikt over skilnadene mellom ny ordning for folkevalde etter modell for stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer, og den ordinære ordninga for tenestepensjon som kommunen sine tilsette er omfatta av.

	Ny folkevalgtordning	Ordinær tjenestepensjon
Utbetaling	Pensjonsbeholdning/delingstall	66 % av godtgjørelsen ved full opptjening (30/30)
Modell	Nettoordning	Bruttoordning
Full opptjening	Alle års regelen	30 år (40 år for utmeldte)
Alder for uttak	Fleksibel fra 62 – 75 år	Fra 65 år, med antatt mulighet for AFP og alderspensjon etter 85 – årsregelen*
Retten til pensjon	1 års samlet medlemskap	3 års samlet tjenestepensjon (overføringsavtale)
Samordning	Ingen samordning	Samordning med folketrygd og andre offentlig pensjonsytelser
Levealdersjustering	Ja	Levealdersjustering fra fylte 67 år (med individuell garanti**)
Utbetalingstid	Livsvarig utbetaling	Livsvarig utbetaling
Kostnad for enkelt personer	2 % av godtgjørelse	2 % av godtgjørelse
Kostnader for kommune	Kjent***	Ukjent

*Dette er per i dag uklart i regelverket

**Individuell garanti gjelder for årskullene 1943-1958. Medlemmer av offentlige tjenestepensjonsordninger, som er født i 1958 eller før, er sikret en samlet alders- eller uførepensjon fra tjenestepensjonsordningen og folketrygden som minimum tilsvarer 66 prosent av pensjonsgrunnlaget, forutsatt 30 års opptjening i full stilling. Ved kortere opptjeningstid enn 30 år, eller dersom det er jobbet deltid, blir pensjonen lavere. Ved uttak av alderspensjon fra folketrygden før fylte 67 år har ingen en slik garanti.

***6,03 prosent av godtgjørelsen opp til 7,1 G og 24,13 prosent av opptjeningsgrunnlaget opp til 12 G

I vedlegg til saksutgreiinga har kommunen sin pensjonsleverandør vist ulike rekneeksempel for å samanlikne ordningane. Ut frå rekneeksempela ser det ut til å være mest gunstig for folkevalde og være i kommunens ordinære tenestepensjonsordning.

Vurdering / konsekvensar

Dei nye reglane gir kommunar og fylkeskommunar høve til å ha ei pensjonsordning som i stor grad er lik den pensjonsordninga stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer har. Kommunen må velje mellom å etablere ei ny ordning for folkevalde tilnærma som den pensjonsordninga stortingsrepresentantar og regjeringsmedlemmer har, eller innlemme dei folkevalde i den ordinære pensjonsordninga for andre tilsette.

Ut frå rekneeksempel utarbeida av kommunen sin pensjonsleverandør ser det ut til å være mest gunstig for folkevalde og vere i kommunen si ordinære tenestepensjonsordning. Det vil også krevje mindre administrasjon for kommunen dersom det ikkje blir etablert ei eiga ordning for folkevalde.

Rådmannen tilrår at dei folkevalde vert innlemma i kommunen si ordinære tenestepensjonsordning for tilsette frå 1. januar 2014.

Vedlegg:

Dok.nr
128265

Tittel på vedlegg

Regneeksempel saksutredning pensjon folkevalgte fra 2014

